

Oppattbyggjing av naust?

19.08.2010

Kristine Stensletten i Uskedalen har søkt om riving og oppattbyggjing av naust.

Det er ikkje aktuelt for henne å setja bygningen i tenleg stand sidan muren er i ferd med å siga ut. Konstruksjonen har stor råteskade og såleis dårleg bæreevne.

Naustet er registrert i sefrakregisteret og er oppført/flytta frå ein annan stad rundt år 1900.

Kommunen stillar seg i utgangspunktet positiv til søknaden med vilkår om tilnærma lik utsjånad som eksisterande naust.

Fylkeskommunen skal no gje uttale og det skal og Statens Vegvesen ettersom naustet ligg 13,5 meter frå midtlina av fylkesvegen. Det må gjevast dispensasjon frå byggjegrensa.